

**Arkiv:** <arkivID><jplD>  
PlanID-  
125620160010,  
Plannavn-Plansak  
Detaljregulering for  
fv. 564 Fløksand-  
Vikebø, Komnr-4631,  
FA-L13

**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 30.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
149/20	Utval for areal, plan og miljø	11.11.2020
014/21	Ungdomsråd	08.03.2021
010/21	Eldreråd	08.03.2021
011/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	08.03.2021

### **Forslag til detaljregulering med konsekvensutgreiing for fv. 564 Fløksand-Vikebø - offentlig ettersyn**

#### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentlig ettersyn:

Fv. 564 Fløksand-Vikebø, gnr. 305, bnr. 142 mfl. Plan-id 1256 2016 0010, vist på

plankart sist datert 24.08.20 , med tilhøyrande føresegner datert 11.08.20, når følgjande endringar er gjort:

- måloppnåing i forhold til forvaltningsplanen for Rylandsvassdraget må omtalast i planskildringa
- mindre endringar i plankartet må rettast

Utval for areal, plan og miljø ber om at det fram mot 2. gongs handsaming av planforslaget vert sett nærare på følgjande forhold ved planen:

- konsekvensane av å redusere rabatten mellom gang/sykkelveg og køyreveg i partiet ved Rylandsvassdraget skal vere vurdert i høve om det kan dempe skjeringane/fyllinga langs dette strekket»

## **Utval for areal, plan og miljø 11.11.2020:**

### **Handsaming:**

Orientering til saka frå Vestand Fylkeskommune v/Ingar Hals-prosjektleiar

Rådmanen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **Framlegg frå Anne Grete Eide-Ap:**

#### ***Tillegg til rådmannen sitt framlegg:***

Planen blir sendt tilbake for å legge inn A1 og A2 som alternativ vegtrase før den blir lagt ut på offentlig høyring.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **APM- 149/20 Vedtak:**

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentlig ettersyn:

Fv. 564 Fløksand-Vikebø, gnr. 305, bnr. 142 mfl. Plan-id 1256 2016 0010, vist på

plankart sist datert 24.08.20, med tilhøyrande føresegner datert 11.08.20, når følgjande endringar er gjort:

- måloppnåing i forhold til forvaltningsplanen for Rylandsvassdraget må omtalast i planskilddringa
- mindre endringar i plankartet må rettast

Utval for areal, plan og miljø ber om at det fram mot 2. gongs handsaming av planforslaget vert sett nærare på følgjande forhold ved planen:

- konsekvensane av å redusere rabatten mellom gang/sykkelveg og køyreveg i partiet ved Rylandsvassdraget skal vere vurdert i høve om det kan dempe skjeringane/fyllinga langs dette strekket»

Planen blir sendt tilbake for å legge inn A1 og A2 som alternativ vegtrase før den blir lagt ut på offentlig høyring.

## **Ungdomsråd 08.03.2021:**

### **Handsaming:**

Orientering i saka under felles orienteringsmøte for RMNF, UR og ER

### **UR- 014/21 Vedtak:**

Tatt til orientering

Samrøysted vedteke

## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.03.2021:**

### **Handsaming:**

#### **Fellesframlegg:**

Rådet merkjer seg at det i eitt av alternativa er søkt om dispensasjon frå kravet om at gang- og sykkelveggar skal ha maksimalt 5% stigning. Vi oppmodar om at ein veljer ei løysing som gjer at ein følgjer gjeldande krav, og unngår ein slik dispensasjon.

Framlegget vart samrøystes vedteke.


### **RMNF- 011/21 Vedtak:**

Rådet merkjer seg at det i eitt av alternativa er søkt om dispensasjon frå kravet om at gang- og sykkelveggar skal ha maksimalt 5% stigning. Vi oppmodar om at ein veljer ei løysing som gjer at ein følgjer gjeldande krav, og unngår ein slik dispensasjon.

### **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn**

På oppdrag frå Vestland fylkeskommune legg Asplan Viak As fram forslag til reguleringsplan for fylkesveg 564 Fløksand-Vikebø. Planområdet ligg sør-vest på Holsnøy og omfattar regulering av ca. 4 km fylkesveg med parallell gang- og sykkelveg.



Overordna effektmål for prosjektet er:

- Vegutbetring som gjev gjennomgåande standard på strekninga etter gjeldande normkrav.
- Separat tilbod for gåande og syklande på strekninga.
- Uoversiktlege kryss og avkøyrslø skal fjernast eller utbetrast.
- Utbetring av busshaldeplassar på strekninga.

Prosjektet er knytt til Nordhordlandspakken og er nr. 4A på lista over prioriterte prosjekt. Byggestart er planlagt i 2022, med ferdigstilling og opning i 2024.

### Val av trasé


Det er gjort fleire utgreiingar for å fastsetje traséen som no ligg til grunn for detaljreguleringa. Utgangspunktet for planarbeidet var oppgradering av dagens vegtrasé, men funn av dårlege grunnforhold ved Leiro gjorde at ein måtte leggje

om vegen ved dette partiet.

Statens vegvesen gjennomførte derfor i 2018 ein silingsprosess for å avklare ein trasé som unngjekk kvikkleireområdet. Rapporten konkluderte med ny veg bak Eidshaugane. Frå Fløksand er det vurdert to alternative kryssløysingar for den nye traséen, A1 og A2.

Forbi Steinberget likestiller silingsrapporten to alternativ; alternativ B1 som følger eksisterende fylkesveg, og alternativ B3 som går noko lengre vest mellom

Steinberget og Grønåsen, før vegen går vidare i eksisterende trasé nordover mot brua på Vikebø. Statens vegvesen tilrår i silingsrapporten B1, medan Meland kommunen ønskte alternativ B3. Ved Fløksand tilrår rapporten alternativ A1.



*Vurderte alternativ i silingsrapporten*

I 2019 vart det utført konsekvensutgreiing og saman med den gjort ei ny vurdering av vegalternativa. Resultatet samsvarer godt med silingsrapporten for 2018, men alternativ A2 kom betre ut. Dette er basert på veg- og trafikkfaglege tema då A2 oppnår eit betre oversiktleg kryss enn alternativ A1 med tanke på kopling til eksisterende vegar og plassering av busshaldeplass. For B1 og B3 er det små forskjellar som skil alternativa frå kvarandre.

I samråd med Alver kommune er derfor alternativa A2+B3 lagt til grunn for utarbeiding av reguleringsplan.

### **Planprosess og medverknad**

Det vart gjennomført opstartsmøte 27.10.2016. Planarbeidet vart varsla 27.04.2018, med påfølgande folkemøte 24. mai. Det kom inn 25 private merknader og 6 offentlege uttaler til oppstart. Desse er oppsummert og kommentert i merknadsskjema, sjå vedlegg 4.

Kommunen har hatt regelmessige møter med forslagsstillar og konsulent gjennom planprosessen. Frå 1.1.20 vart prosjektet overtatt av Vestland fylkeskommune frå Statens vegvesen, og ny planeigar kom inn. Utover arbeidsmøter og folkemøte har planarbeidet også vore drøfta i planforum og i sær møte med Fylkesmannen.

Planforslaget var sendt inn til 1. gongs handsaming i 28.08.2020.

## **Overordna planer og retningslinjer**

### Kommunedelplan for Meland

I kommuneplanens arealdel, vedtatt 2019, ligg fv. 564 Rosslandsvegen som hovudveg i plankartet.

Strekningane A2 og B3 ligg i areal avsett til LNF og er ikkje i samsvar med overordna plan. Heile fylkesvegen ligg i nedslagsfeltet til Rylandsvassdraget som er eit verna vassdrag. Omlegging av veg (veglinja A) fører til at vegfyllinga går ut i vassdraget, og er i strid med vernestatusen og forvaltningsplanen (vedtatt 2008) for Rylandsvatnet.

### Reguleringsplanar


Planen overlappar med områdeplan for Rylandshøgda, men får ingen direkte verknad for arealbruken i denne eller andre vedtekne planar i området.

## **Kort om planforslaget**

Planområdet strekkjer seg frå Fløksand i søraust , frå der fortauget i dag sluttar, til brua ved Vikebø i nord. Vegen ligg i dagens veglinje fram til om lag 200 m etter krysset til Vestbygdvegen, der vegen vert lagt i ny trasé aust om Eidshaugane.

Ny trasé kryssar Bjørndalsvegen ved Rylandsvatnet, før den kryssar dagens veg i området mellom Hundetjørna og Steinberget, og går vidare i ny trasé vest for Steinberget. Nord for Steinberget legg planen til rette for utviding og opprusting av dagens veg fram til Vikebø. Det vert regulert parallell gang- og sykkelveg med

3 meters breidde på heile strekninga.



*Utsnitt frå plankart som syner kryss ved Bjørndalsvegen og fylling i Rylandsvassdraget.*

Ny veg er dimensjonert for 80 km/t og med 7,5 m vegbreidde mellom Fløksand og Ryland. På strekninga frå kryss med Bjørndalsvegen til nytt kryss mot Leiro sør for Steinberget er det nytta dimensjonerande fart 60 km/t av omsyn til dei to kryssa, av omsyn til gåande og syklande i Bjørndalsvegen som må krysse ny fylkesveg, og for å redusere inngrep i og mot Rylandsvatnet.

Ved Fløksand og Ryland/Vikebø er det gjort tilpassing for å unngå for store inngrep i

lokalmiljøet i grendene, og vegen er dimensjonert for 60 km/t og med 6,5 m vegbreidde.

For ytterlegare informasjon om plangrep mv. viser vi til planomtalen vedlegg 1 og

til plankart vedlegg 3.

### **Krav om konsekvensutgreiing**

Planarbeidet omfattast av forskrift om konsekvensutredningar § 8, bokstav a), vedlegg II, nr. 10 e), planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Bakgrunn for dette var m.a. dårlege grunnforhold ved Leiro som førte til at deler av veganlegget måtte leggest i areal avsett til LNF, samt at ny trasé bak Eidshaugane ville råke det verna Rylandsvassdraget.

Statens vegvesen og Meland kommune vart samde om følgjande utgreiingsbehov:

Alternativ som skal utgreiast:

- *I sørleg del skal utgreiinga omfatte alternativa A1 og A2 aust for Eidshaugane frå Fløksand til Steinberget. Alternativa kryssar Bjørndalsvegen i plan og ligg på fylling i kanten av Rylandsvatnet ved Eidet.*
- *I nordleg del skal utgreiinga omfatte alternativ B1 (utbygging i eksisterande trasé aust for Steinberget) og alternativ B3 (vest for Steinberget).*
- *Alternativa skal samanliknast med 0-alternativet, som er dagens veg.*

Tema som skal utgreiast:

- *Landskapsbilete*
- *Friluftsliv, by- og bygdeliv*
- *Naturmangfald*
- *Kulturarv*
- *Naturressursar*

## **Vurdering**

I dette kapittelet følgjer rådmannens kommentarar til sentrale problemstillingar i

saka.

Rådmannen har ingen merknader til planprosessen så langt og vurderer at det innkomne planmaterialet har tilfredsstillande kvalitet.

### Overordna planer

Planforslaget er i tråd med overordna rammer og premisser for planarbeidet, utanom dei nye vegstrekningane lagt i LNF-areal i/ved det verna

Rylandsvassdraget.

Delar av planforslaget er i strid med forvaltingsprinsippa for Rylandsvatnet, då fylling i vassdragsbeltet gjer inngrep i områder som er lite prega av inngrep i dag.



Oppsummert frå planomtalen er ikkje tiltaket vurdert til å påverke Rylandsvassdraget i den grad at vernegrunnlaget for vassdraget vert vesentleg tilsidesett. Planomtalen er likevel mangelfull då den ikkje omtalar om planframlegget samsvarar med intensjonen i verneplanen for Rylandsvassdraget. Det er i vurderinga i omtalen berre sagt noko om måloppnåing i forhold til rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, og ikkje i høve til mål i forvaltningsplanen. Dette må utbetrast før planen vert lagt ut på offentleg ettersyn.

Vidare vert eit mindre areal avsett spreidd næring ved Steinberget forringa som følgje av nærføring.

### Traséval

#### A1 og A2

For å kople seg på den nye vegen bak Steinberget er det frå Fløksand utgreia to innslagspunkt. Alternativ A1 er lokalisert i området der Vestbygdvegen møter Rosslandsvegen (Brakstadkrysset). Derfrå går traséen i ein slak bue på vestsida av Storåsen og vidare nordvest mot Eidshaugane.


Alternativ A2 starter lenger vest på Rosslandsvegen enn A1, og ligg om lag det er

det i dag går ein landbruksveg. Vegen følgjer denne før den svingar nord mot Eidshaugane.



Det er vurdert både T-kryss og rundkøyring for begge alternativa. Avgjerda om å regulere alternativ A2 beror på fleire årsaker. I planomtalen er det peika på at A1 er den dyraste å byggje ut og jf. effektmåla satt for planarbeidet er den vurdert som dårlegare enn A2. Bakgrunn er fordi ein ikkje klarar å oppnå eit ryddig og oversikteleg kryss med Vestbygdvegen og avlasta veg. Illustrasjonen under viser

fleire utfordringar for A1-løysinga:



Skisse rundkøyring, alt. A1

Løysinga kjem i konflikt med tilkomstveg til eigedomane som ligg aust for rundkøyringa. Koplinga mot Vestbygdvegen vil få for stor stigning og fv. 565 vidare mot Eidshaugane får òg stor stigning, i tillegg vil ein få ei høg skjering som deler eigedom 305/10. Det går ei høgspentline som må flyttast, og det krevst omlegging av vegen ned til Fløksand kai og vassleidningar.

Utover dette er det vanskeleg å få til eit godt gangsystem til og frå busshaldeplassar og ei god plassering av desse.


Vegen vidare mot Eidshaugane vil òg føre til ein lengre vegtrasé i urørt natur.

Alternativ A1 kjem betre ut enn A2 når det kjem til arealbeslag av fulldyrka jord og innmarksbeite. A2 er likevel det tilrådde alternativet fordi eit kryss i dette området er lettare å plassere i terrenget og det gir mindre konflikt mot naboeigedomar. Det gir ei betre trafikal løysing med enkel plassering av busslommer og lite stigning på vegane.

A2 har ei betre måloppnåing då den regulerer ei oversiktleg løysing med gode gangaksar og tilfredsstillande tilkomst til eksisterande eigedommar. Eit T-kryss har

vore vurdert, men dette vil gje innløysing av ein bustadeigedom. Det er derfor valt å regulere ei rundkøyring. Dette er ei god løysing i dette området der mange trafikantar òg i framtida skal nytte eksisterande sideveg. Ei rundkøyring gir også eit lågt fartsnivå i dette området der det er naturleg å oppretthalde fartsgrense 60

km/t.




Rundkøring, alt. A2

Rådmannen legg til grunn at vurderingane for val av alternativ A1 eller A2 er godt gjennomarbeida og trafikkfagleg grunngjeve.

#### A1/A2 Rylandsvassdraget

Alternativ A1 og A2 har lik verknad då dei har same trasé i delstrekninga forbi Rylandsvassdraget. Ny veg krev ei fylling på om lag 200 m i vika. Som avbøtande tiltak er dimensjonerande fart sett til 60 km/t og det er søkt om fråvik frå horisontalkurve for å redusera inngrep både for fylling i vatnet og for skjeringar. Føreregnene sikrar at den råka naturtypen vasskantsamfunn skal reetablerast i overgangen mellom vassflata og fylling under vatn.



Illustrasjonen over syner både fylling og skjering ved Rylandsvassdraget.

Ved Bjørndalsvegen er det òg søkt om fråvik for horisontalkurvatur for å dempa terrenginngrepet i

Eidshaugane. Fjellskjeringa på ca. 17 m vert eit skjemmande inngrep godt synleg frå vassdraget. Det vert òg inngrep i Smååsane. Føresegnene om estetisk utforming av vegskjeringar er generell og gjeld for heile planområdet, og sikrar ikkje noko særskilt handsaming av høgare skjeringar.

Rådmannen stiller spørsmål ved om det er andre avbøtande tiltak som kunne vore med på å dempe skjeringane ved Rylandsvassdraget- både estetisk som behandling av overflata og/eller ved å innskrenke breidda på rabatten mellom køyreveg og gang- og sykkelveg for oppføring av rekkverk slik at vegkorridoren vert smalare. Vi ber om at dette vert sett på fram til 2. gongs handsaming.

Som avbøtande tiltak for støy ut mot vassdraget skal det etablerast eit tett vegrekkverk med 0,8 m høgde langs vatnet. Denne delen av vassdraget er råka av støy i dag, men det vert lokalt ei auke.

### B1 og B3

Frå Rylandsvassdraget til Rosslund er det vurdert 3 alternativ, der B1 og B3 var dei som kom best ut av silingsrapporten frå 2018. Begge alternativa er greia ut i 2019, og med liten skilnad i konsekvens har ein valt å regulere delstrekning B3 då den i høgare grad oppnår planmålet om sanering av avkøyrslar og at traséen er noko rimelegare å bygge.

Då Beitingvegen ved Leiro har nådd si tolegrense er det positivt at alternativ B3, lokalisert mellom Steinberger og Grønåsen, ligg slik at det forenkler ei evt. omlegging av lokalvegen. Rådmannen peikar også på at utvikling av Meland golf og næringsformål sett i kommunedelplan vil vere lettare å realisere med alternativ B3.

### Konsekvensutgreiingar

Under følgjer ei kort oppsummering av tema utgreidd i KU-rapportane. Det er berre påverknad jf. regulert trasé A2 og B3 som vert omtala.

### *Landskapsbilete*

For landskapsbilete er det identifisert 6 delområder basert på landskapskarakter:

Nr.	Namn	Verdi	Kortfatta landskapskarakter
L1	Fløksand	Middels	Vestvendt, lågtliggende landskap opnar seg mot Herdlefjorden med heilskapleg og velhalde kulturlandskap kjerneområde kring den meir småskala Leiro/Leirvika.
L2	Eidshaugane-Brakstadmarka	Middels	Skogkledd ås- og dallandskap med småskala, vekslande åsryggar og sprekkedalar med myr.
L3	Rylandsvatnet	Stor	Del av heilskapleg og storskala vassdragslandskap i veksling omgitt av vekslande busetnad, opne kulturmarker og tett skog.
L4	Grønåsen-Eikelandshøyen	Middels	Skogkledd åslandskap med småskala, vekslande åsryggar og sprekkedalar med myr.
L5	Ryland	Middels	Heilskapleg kulturlandskap med eldre gardstun, steingardar, bakkemurar, og grasmark og beiter som inngår i ein samanheng med delområde L3 Rylandsvatnet.
L6	Rylandshøgda	Middels	Småkupert skogsås med nyare bustadfelt og eldre, meir spreidd bygde bustader i varierende alder.

Størst negativ påverknad av vegtiltaket er knytt til Rylandsvassdraget, og det er uavhengig av traséval fordi alternativa har same linjeføring i vassdragsbeltet. Den nye vegen ligg greitt i landskapet, men krev ei høg skjering og fylling ut i vatnet.

Som avbøtande tiltak er det anbefalt å reetablere strandsona for ivareta opplevingskvalitetane ved Rylandsvatnet. Dette er ivaretatt i føresegnene (o\_VAA). For den høge skjeringa er det anbefalt at denne vert redusert og ein må bruke terrengtiltak for å redusere negativ nær- og fjernverknad. Deler av dette er gjennomført ved å redusere i horisontalkurvaturen i linjeføringa, men rådmannen ynskjer at føresegnene vert tydelegare på utforminga av skjeringar. Både ved Rylandsvassdraget og andre stader der det er aktuelt.

Påverknaden er ikkje i vurdert til å råke ved vernegrunnlaget for Rylandsvassdraget og samla sett er den vurdert til middels negativ.

#### *Friluftsliv og bygdlev*

Det er registrert og verdivurdert 8 delområde for friluftsliv- og bygdlev i influensområdet:

Nr.	Namn	Verdi	Registreringskategori
F1	Brakstad-Storhøyen	Middels	Ferdselsåre / grønnkorridor (sti).
F2	Fløksand	Stor	Leike- og rekreasjonsområde (badeplass mm.)
F3	Meland golf og naturpark	Stor	Nærturterreng (golfbane med allmenn tilgang for turgåarar).
F4	Rylandsvassdraget	Stor	Utfartsområde (padling)
F5	Eikeland (Naustvik)	Middels	Nærturterreng (kystlynghei, tursti)
F6	Leirdalen	Stor	Leike- og rekreasjonsområde (fotballbane, barnehage, akebakke).
F7	Gangveg Rylandshøgda-Vikebø	Middels	Ferdselsåre (gangveg, skuleveg/fritidsveg).
F8	Brakstadjellet-Tveitanipa	Middels	Nærturterreng (kystfjell, turstiar)

Negativ konsekvens er størst for Rylandsvatnet, som er det einaste delområdet som vert direkte råka av tiltak, og i tillegg vert visuelt påverka av høge skjeringar. I tillegg kjem auke i vegtrafikkstøy, som når støykjelda kjem nærare vatnet vil kunne påverke lydbildet i større delar av friluftsområdet negativt.

Avbøtande tiltak er, som for landskapsbilete, reetablering av naturleg strandsone og redusere skjeringshøgde og bruke terrengtiltak for å avbøte støy mot Rylandsvassdraget.

Vidare er det foreslått å etablera tilkomst til vatnet i ny strandsone ved Eidet/krysset med Bjørndalsvegen eller etablering av parkeringsplass og tilkomst for utsetting av kano/kajakk. Forslaga er ikkje tatt med i planframlegget fordi dette allereie er etablert på Rossland, og ein då må gripe inn i private området for å få løyst ut grunn.

Å legge til rette for aktivitet på vassdraget kan bøte på tiltakets inngripen i det verna vassdraget. Rådmannen ber om at dette vert vurdert vidare i planarbeidet.

#### *Kulturarv*

Det er avgrensa 6 kulturmiljø i plan- og influensområdet:

Nr.	Namn	Verdi	Skildring
1	Fløksand-Leirvik		Kulturmiljøet Fløksand-Leirvik er eit heilskapleg miljø med stor tidsdjupne, og med fleire bevarte bygningar og strukturar med klar kulturhistorisk verdi. Opplevingsverdi og kunnskapsverdi er stor, og miljøet kan seiast å ha ein regional verdi. Kulturmiljø 1 Fløksand-Leirvik er difor vurdert til å ha stor verdi.
2	Eidet-Brakstad		Miljøet er typisk og vanleg for området, og er lite endra dei siste tiåra. Noko opplevingsverdi. Kunnskapsverdi er liten. Ligg inn mot Rylandsvassdraget som har landskapsmessige kvalitetar. Kulturmiljø 2 Eidet-Brakstad er vurdert til å ha noko verdi, i lågaste del av skalaen.
3	Steinberget		Dette er eit typisk og vanleg gardsmiljø for området. Den kulturhistoriske verdien knytt til bygningane er liten til middels. Opplevingsverdi er middels, og kunnskapsverdi er liten. Området har landskapsmessige kvalitetar som inngår i verddivurderingar for landskap. Kulturmiljø 3 er vurdert til å ha noko verdi, i høgste del av skalaen.
4	Elverhøy		Miljøet viser eit typisk bruk for området. Verdi er redusert ved at bruken har endra seg og våningshuset / hytta er endra. Kulturhistorisk verdi knytt til bygningane er liten. Opplevingsverdi og kunnskapsverdi er liten. Kulturmiljø 4 Elverhøy er vurdert til å ha noko verdi, i lågaste del av skalaen.
5	Ryland-Sørastøa		Miljøet er typisk for området med gardsbygningar i SEFRAK, eldre veglinjer og steingardar. Nye bustadhus og gartneri har komme til, men dei eldre strukturane er relativt uendra. Kulturhistorisk verdi knytt til bygningane er liten til middels. Opplevingsverdi er middels og kunnskapsverdi er liten til middels. Kulturmiljø 5 Ryland-Sørastøa er vurdert til å ha noko verdi, i høgste del av skalaen
6	Vikebø-Rosslund		Miljøet er typisk for regionen, er i endring, og har først og fremst lokal betydning. Sjølv om det er bygd ein del nytt ved Ryland, Vikebø og Rosslund dei siste tiåra, er den kulturhistoriske strukturen relativt uendra og framleis godt lesbar. Kulturhistoria er lett å lese i landskapet. Kulturhistorisk verdi knytt til enkeltbygg og enkeltstrukturar spenner frå liten til middels. Størst verdi er knytt til naustmiljø og industrimiljøet i Stekkeviken. Opplevingsverdi og kunnskapsverdi i miljøet er middels til stor. Vikebø er ein god representant for ein liten historisk tettstad/grend i regionen, som framleis har mykje av verdiane og samanhengane intakt. Kulturmiljø 6 Vikebø-Rosslund er vurdert til å ha middels verdi, i høgste del av skalaen

Trasé A2 vil få ein viss negativ verknad på delområde Fløksand-Leirvik fordi dagens veg må hevast. Verknader er avgrensa då det gjeld eksisterande veg, og sidan vegen ikkje ligg i det mest verdifulle miljøet (Leirvik).

Ny veg bak Eidshaugene er derfor vurdert som positivt for kulturmiljøet ved

Fløksand-Leirvik.

Alternativ B3 vil ha negativ verknad på kulturmiljøet Elverhøy pga. av støy og endringa oppleving av staden. Ingen kjende kulturminne vert råka.

Avbøtande tiltak for kulturmiljø er samanfallande med gode tiltak for landskap og kulturlandskap, som god tilpassing av ny veglinje.

### Naturmangfald

I samband med naturmangfald er det registrert 12 viktige naturtypar og eit økologisk funksjonsområde for

artar.

Delområde		KU-verdi
Viktige naturtyper		
1	Kystmyr, utforming anna kystmyr	Stor
2	Kystmyr, utforming anna kystmyr	Middels
3	Vasskantsamfunn, utforming elvesnelle- starr-sump	Stor
4	Vasskantsamfunn, utforming elvesnelle- starr-sump	Stor
5	Vasskantsamfunn, utforming elvesnelle- starr-sump	Stor
6	Kystmyr, utforming anna kystmyr	Middels
7	Kystmyr, utforming anna kystmyr	Stor
8	Kystmyr, utforming anna kystmyr	Middels
9	Naturbeitemark, delnaturtype fattig beiteeng	Stor
11	Bløtbunnsområder i strandsonen (BM00042766)	Stor
12	Strandeng og strandsump (BN00001574)	Middels
Økologiske funksjonsområde for artar		
Rylandsvatnet		Middels

Negative verknader i delstrekning A er først og fremst knytt til ny trasé og nye inngrep i område som er urørt i dag. I tillegg til to verdiområde innan vassmiljø, vert fire naturtypelokaliteter og eit økologisk funksjonsområde for artar råka negativt av alternativ A. Negativ konsekvens er størst for kystmyr, og vasskantsamfunn i Rylandsvatnet pga fylling og arealbeslag.

For alternativ B3 er det størst negative konsekvensens for kystmyrlokalteter i dette området og delvis også for naturbeitemark.

I rapporten kap. 7 er oppgitt aktuelle avbøtande tiltak både i anleggsfasen og driftsfasen. Det gjeld m.a. tiltak mot avrenning, bruk av siltgardin, naturleg drenering, reetablere vasskantsamfunn mv. Tiltaka skal vidare verte tatt omsyn til i Ytre Miljøplan som vist i planomtalen kap. 9.5.2.

#### Naturressursar

Det er definert 7 delområder for naturressursar. M.a. er kommuneplanen si omsynssone for landbruk og kjerneområde landbruk lagt til grunn. Permanent arealtap inkluderer veg og sideskråningar, samt eit 3 m bredt belte ut frå fyllingsfot/skjeringsstopp som er regulert til annan veggrunn.

Alternativ A2 legg følgjande arealbeslag:



	Delområde	J1 - Fløksand sør	J2 - Nipo	J4 - Bjørndalsvegen	Totalt
Arealkvalitet	Fulldyrka jord		2,7		2,7
	Overflatedyrka jord	0,9			0,9
	Innmarks-beite	0,7	2,1		2,8
	Dyrkbar jord				0,7

Alternativ B3 legg følgjande arealbeslag:

	Delområde (namn)	J5 - Steinberget	J6 - Ryland	Totalt
Arealkvalitet	Fulldyrka jord		3,8	3,8
	Overflatedyrka jord		2,0	2,0
	Innmarks-beite		1,6	1,6
	Dyrkbar jord			2,9

Samla sett er det snakk om 7,1 daa som går vekk med A2 og 10,30 daa ved alternativ B3, som i eit naturressursperspektiv er relativt lite. Til samanlikning legg A1 beslag på ca 1,1 daa og B1 ca. 17,7 daa .

Føresegnene stiller m.a. krav om at jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord og

innmarksbeite ) som vert bygd ned skal sikrast vidare bruk primært til jordbruksføremål. Landbruksavkøyrslar skal vere sikra i plan med avkøyrsløp i plankartet. Endeleg varig arealtap vil bli oppmålt og erstatta ved ferdigstilling av vegen.

Utifrå KU-rapportane er den samla konsekvensen klart størst for naturmangfald i alle alternativ. Alternativa er i strid med nasjonale mål ved å råke myr, og råkar også

vasskantsamfunn som er funksjonsområde for artar som er ein del av vernegrnlaget for Rylandsvassdraget. Vegtiltaket er likevel vurdert til samla å ikkje påverke desse naturverdiane i den grad at vernegrnlaget for vassdraget vert vesentleg endra eller øydelagt.

#### Universell utforming

Det vert søkt fråvik for krav til stigning på gang- og sykkelveg langs fv. 564 ved Steinberget. Krav til stigning for

gåande på strekningar over 100 meters lengde er maksimum 5%, medan planen nyttar 5,88%.

Føresegnene stiller krav om at prinsippet om universell utforming skal så langt som mogleg leggest til grunn for val av løysingar for gåande og syklende. Kollektivhaldeplassar skal utformast i samsvar med prinsipp for universell utforming.

#### Folkehelse/barn og unges interesser

Regulering av ein samanhengande gang- og sykkelveg frå Fløksand til Vikebø er med på å styrke folkehelsa og gjer det attraktivt å gå/sykle mellom dei aktuelle målpunkta i området.

#### Naturmangfald

Tiltaket rårar einskilde naturtypelokalitetar og eitt økologisk funksjonsområde i varierende negativ grad. Dei negative konsekvensane for naturmangfaldet, sett i lys av samla verknadar, vert vurdert å ikkje auke i høve konsekvensane av sjølve

planen.

For å sikre ei miljøforsvarleg gjennomføring av tiltaket, vert det stilt krav om ein Ytre Miljø-plan før utbygginga tek til.

#### Risiko og sårbarhet

Det er utarbeida ROS-analyse som ein del av planarbeidet, denne er omtalt under i pkt. 7.11 planskildringa.

Det er ingen uønska hendingar som er plassert i raud kategori der tiltak er naudsynt.

Det er innarbeida fleire tiltak i reguleringsplan og føresegnene som krav om overvasshandtering, sikring av skjering og flaumsonkartlegging.

Med dette innarbeida vert risikoen vurdert til å vere akseptabel.

#### VA-rammeplan

Omleggingar av eksisterande anlegg, avrenning, flaumvegar og tiltak går fram av VA-rammeplan med kartvedlegg. Kommunen si vurdering av rammeplanen vert gjort ved høyring.

## Økonomi

Som del av planarbeidet er det gjort ei kostnadsvurdering:

Utbygging	Kostnad (mill. 2020-kr.)
Full utbygging i samsvar med reguleringsplan, inkl. gs-veg heile vegen	215
Utbygging heile strekninga Fløksand – Vikebø, ikkje gs-veg bak Fløksand/Leiro	205
Utbygging frå Fløksand til forbi Steinberget, ikkje gs-veg bak Fløksand/Leiro	150
Utbygging frå Fløksand til kryss m/Leiro v/Hundtjørna, ikkje gs-veg bak Fløksand/Leiro	103

Kontaktutvalet vil truleg ta stilling til omfanget av utbygging etter at planen har vore på høyring. Med om lag 119 mill. til disposisjon er det ikkje midlar i Nordhordlandspakken til å finansiere heile prosjektet. Omlegging av vegen forbi

Leiro vil truleg få høg prioritet.

## Planframstilling

Det må gjerast nokre mindre rettingar til 2. gongs handsaming, som oppdatering av basiskart.

## **Konklusjon**

Rådmannen har ingen merknader til planprosessen så langt og vurderer mottatt planmateriale til å ha tilfredsstillande kvalitet til å sendas på høyring og ut til offentlig ettersyn. Vi sluttar oss til hovudformålet og det planfaglege grepet i planforslaget.

Planmaterialet har nokre få manglar som vi ønskjer å få avklart. Før planframlegget vert lagt ut til offentlig ettersyn og høyring må måloppnåing i forhold til forvaltningsplanen for Rylandsvassdraget vere omtala i planskildringa og det lyt gjerast noko mindre endringar i høve plankarta som gjeld teiknforklaring.

Fram mot 2. gong handsaming skal konsekvensane av å redusere rabatten mellom gang/sykkelveg og køyreveg i partiet ved Rylandsvassdraget vere vurdert i høve om det kan dempe skjeringane/fyllinga langs strekket.

## **Vedlegg i saken:**

30.10.2020	1_Planomtale_Fv.564	1466921
30.10.2020	2_Føresegner_Fv.564	1466922
30.10.2020	3_Plankart_Fv.564	1466923
30.10.2020	4_Merknader_oppstartsvarsel_Fv.564	1466924
30.10.2020	5_Merknadskart_Fv. 564	1466925
30.10.2020	6_ROS_analyse_Fv.564	1466926
30.10.2020	7_KU_friluftsliv_Fv.564	1466927
30.10.2020	8_KU_kulturarv_Fv.564	1466928
30.10.2020	9_KU_landskap_Fv. 564	1466929
30.10.2020	10_KU_naturmangfold_Fv.564	1466930
30.10.2020	11_KU_naturressursar_Fv. 564	1466931
30.10.2020	12_VA-rammeplan_Fv.564	1466932
30.10.2020	13_VA_Teikningar_Fv.564	1466933
30.10.2020	14_Vegteikningar s_1-13_Fv.564	1466934
30.10.2020	15_Vegteikningar s_14-26_Fv.564	1466935
30.10.2020	16_Støyrappport_Fv. 564	1466936
30.10.2020	17_Støy_Teikningar_Fv.564	1466937
30.10.2020	18_Flomvurdering_Fv.564	1466938
30.10.2020	19_Geoteknisk rapport_2018_Fv.564	1466939
30.10.2020	20_Geoteknisk rapport_2019_Fv.564	1466940
30.10.2020	21__GeotekniskDatarappport_2019_Fv.564	1466941
30.10.2020	22_Geoteknisk rapport utfylling_Fv.564	1466942